

Uskedaling og leiar i Kvinnherad Høgre Gunn Mari Moberg har ei spesiell vertskapsrolle måndag . Då er ho vertinne for leiar i Høgre Erna Solberg, som har eit hektisk møte- og synfaringssprogram i vår kommune.

Høgreleiaren ferierer på Varaldsøy og blir henta der med båt av uskedalingen Ivar Gundersen, som køyrer henne til Rosendal. Der skal ho ha eit halvannan time langt møte med sentrale kandidatar ved valet og med ordførarkandidat Arne Havnerås og Gunn Mari (dei to kumulerte) i spissen.

Ferda går vidare til SØRAL, der leiinga med Jan Ytredal og Tor Bringedal som dei fremste gjev ei orientering. Truleg blir kompetanseoppbygging og situasjonen til den kraftkrevjande industrien sentrale tema.

Neste post på programmet er eit timelangt møte med leiinga for sjukehuset på Valen, representert ved avdelingsleiar Hege Legreid Røssland.

Vel attende i Rosendal vil lensmann Jan Fosse orientera Høgre-leiaren om lensmannskontoret sine aktuelle oppgåver og så blir programmet runda av med eit møte med pressa,

- Vi hadde egentleg ynskt å ha Erna her seinare i valkampen, men det lot seg diverre ikkje gjera. seier Gunn Mari.
- Men ho stoppar ikkje i Uskedalen under en av dei to passeringane?
- Nei, det står ikkje på planen, hvis vi ikkje finn på noko spontant og spesielt, til dømes ei vitjing i båthamna, seier Gunn Mari.

Av Ola Matti Mathisen



Ordførarkandidat og kandidat nummer to for høgre ved valet i haust er Arne Havnerås og Gunn Mari Moberg. Her står dei framfor rådhuset. (Foto: Ola Matti Mathisen)